

Røhnebæk, Sidsel

Fra: Røhnebæk, Sidsel
Sendt: 21. februar 2019 15.16
Til: 'aud.hove@oppland.org'; Ivar.Vistekleiven@oppland.org;
'mariann.isumhaugen@oppland.org'; 'Trygve.Brandrud@oppland.org';
'kari.anne.jonnes@oppland.org'
Kopi: Odlo, Bente; Knarrum, Vebjørn; Fossum, Steinar; Klæbo, Harald; Broderstad,
Benedicte
Emne: VS: Anmodning om ekstraordinære uttak / hiuttak av jerv i Midt-
Gudbrandsdalen
Vedlegg: Til rovviltnemnda i region 3 fra norddal kommune.pdf

Til rovviltnemnda i region 3

Videresender til orientering e-post fra Nord -Fron, Sør- Fron og Ringebu kommune og brev fra Norddal kommune.

Med vennlig hilsen

Sidsel Røhnebæk
Seniorrådgiver, Landbruksavdelingen
Fylkesmannen i Oppland

Tlf: +4761266154 - Faks: +4761266167
Postadresse: Postboks 987, 2604 Lillehammer
Epost: fmopsro@fylkesmannen.no
Internett: www.fylkesmannen.no/oppland

Denne e-posten er bare ment for personen/-e angitt ovenfor. Innholdet kan være strengt fortrolig, og må verken leses eller kopieres av utedokumenterte. Ved feilsending ber vi om at e-posten slettes og at vi blir kontaktet.



Tenk på miljøet før du skriver ut denne eposten

Fra: Geir Johan Groven <Geir.Johan.Groven@nord-fron.kommune.no>

Sendt: 21. februar 2019 14.46

Til: Aud Hove <aud.hove@oppland.org>; Oppland Fylkeskommune <postmottak@oppland.org>

Kopi: Klæbo, Harald <fmophkl@fylkesmannen.no>; Røhnebæk, Sidsel <FMOPSRO@fylkesmannen.no>; Hammer Hilde (Hilde.Hammer@sor-fron.kommune.no) <Hilde.Hammer@sor-fron.kommune.no>; Ordfører Nord-Fron <rune.stostad@nord-fron.kommune.no>; Ordfører Sør-Fron <ole.tvete.muriteigen@sor-fron.kommune.no>; Ordfører Ringebu <arne.fossmo@ringebu.kommune.no>

Emne: Anmodning om ekstraordinære uttak / hiuttak av jerv i Midt-Gudbrandsdalen

Hei.

Bestandsmålet for jerv i Oppland er fire ynglingar per år. Bestanden av jerv har dei seinare åra likevel vore betydeleg høgare enn bestandsmålet, og ein har ynglingar av jerv både innanfor og utanfor jervsona. Årlege dokumenterte ynglingar av jerv er eit uttrykk for minimum bestand. 1 yngling = 6,4 individ.

Dersom ein legg dei siste fem åra til grunn, er det i denne perioden dokumentert gjennomsnittleg 6,8 ynglingar av jerv per år (hhv. 2014=7, 2015=10, 2016=7, 2017=6, 2018=4). Bestanden av jerv i nemnte periode har i gjennomsnitt vore 44 dyr, medan bestandsmålet på fire ynglingar gir 26 dyr. Kommunane ser

at det har vore ein nedgang i talet på ynglingar dei siste tre åra. Det er viktig at ein gjer aktive grep i forvaltninga for at bestanden skal haldast på bestandsmålet.

Lisensfelling er myndighetene sin hovudstrategi for uttak av jerv, men lisensfellinga er per dags dato ikkje effektiv nok til at ein regulerer bestanden av jerv i tilstrekkeleg grad. I våre område skuldast dette i hovudsak at jerven oppheld seg langt inne i fjellet, og kor det er liten sjanse for jegerane til å organisere/utøve effektiv jakt.

Statistikk frå rovbase i perioden fom. 1/1-2018 og fram til i dag viser følgjande dokumentasjon av jerv i Midt-Gudbrandsdalen:

FRON Hann, 3 individ (ID 5855, ID 3773, ID 1888).
Ho, 1 individ (ID 3606).
Individ ID 5855 er død.

RINGEBU Hann, 2 individ (ID 3600, ID 3753). ID 3600 også registrert i Stor-Elvdal.
Ho, 2 individ (ID 3675, ID 3757).
I tillegg Ho 2 individ (ID 3717, ID 3783) i Stor Elvdal, nær grense mot Ringebu.

Midt-Gudbrandsdalen har betydelege årvisse tap av sau på utmarksbeite som skuldast jerv. Det var dokumentert færre skadar av jerv i 2018 enn tidlegare år, skadane blei i hovudsak først dokumentert frå august og utover. Dette kan skuldast varm sommar som utgjorde vanskelege dokumentasjonsforhold, sidan totale tap av beitedyr er omtrent som tidlegare år.

Rovviltnemnda har signalisert at restkvota frå lisensfettingsperioden 2018/19 på 4 dyr skal takast ut. Kommunane ser på dette som eit svært viktig tiltak. Ein oppmodar Rovviltnemnda til i første omgang å ha fokus på uttak av enkeltindivid. Ein viser til dømes til uttak av jerv i Finndalen i Vågå for nokre år sidan, som etter uttak har redusert tapa av beitedyr i stor grad i dette området.

Når det gjeld hiuttak meiner ein det er svært viktig at Midt-Gudbrandsdalen blir prioritert, både på austsida og vestsida. Store delar av utmarksbeitet i Midt-Gudbrandsdalen er beiteprioritert område, og kommunane meiner derfor at det skal vere låg terskel for uttak. Ein viser i den samanheng også til at bestanden av jerv har vore for høg over lengre tid jf. bestandsmålet, noko som har medført unødige store tap av beitedyr på utmarksbeite.

Med helsing

Hilde Hammer
Sør-Fron og Ringebu kommunar

Geir Johan Groven
Nord-Fron kommune